

Innspel til kommuneplan angående utbygging på Mangersnes

Det er tydeleg at det er vanskeleg å gjera seg kjend i denne saka. Me som direkte berørt nabo er ikkje blitt varsla mtp. den komande høyringa, men oppdaga det tilfeldig på sosiale mediar dagen før siste frist for å komma med merknadar til planen.

Til 1.gongs høyring angående utbygging av bustadfelt på Mangersnes ynskjer me å komma med følgande innspel:

- Ynskjer å vise til skriv frå Atle Jenssen til Radøy Kommune datert 21.06.16 (Merknadar til plansak (89636)). **Me ynskjer å gjere hovudutvalet merksam på dette dokumentet og oppfordrar alle i utvalet å gjera seg kjende med dette skrivet før dei går vidare i saka.** Me ynskjer også tilgang til all korrespondanse frå Atle Jenssen og Rådmann Jarle Landås, eventuelt andre i administrasjonen som har kommunisert med Atle Jenssen. Har nokon tatt stilling til dette skrivet?
- Har kommunen tatt høgde for at kapasiteten på Manger skule og Manger barnehage per d.d er sprengt? I år er det satt opp to midlertidige brakkebygg for å løysa klasseromsproblematikken. Til hausten må dei truleg gjera tilsvarende tiltak. Er det naudsynt å gjera ei vurdering mtp. utbygging av skule og barnehage i forbindelse meg ei slik stor utbygging?
- Angående utbetring av hovudveg: Gjeld denne utbetringa heile vegen frå Mangersnes til Manger skule? Vil fylkesvegen frå Manger kai til Manger kyrkje vera ein del av denne planen? Slik me ser det hjelper det lite om kommunevegen er utbetra frå kaien til Mangersnes, dersom fylkesvegen forbi Solvang og opp til skulen er like utrygg som i dag.
- Har de planar for trygg skuleveg for borna som bur på Mangersnes i løpet av byggeprosessen? Vil borna få skyss i byggeperioden? Per d.d opplever me strekninga på fylkesvegen som svært uttrygg, særleg dei dagane det er mykje aktivitet og stor trafikk ved Manger kai. Vegen er smal og uoversiktleg, og det er ikkje plass til møtande tungtrafikk i tillegg til ein mjuk trafikant.

Me er to hus som vil bli direkte berørt av det nye bustadfeltet. Slik me tolkar det er det tenkt bustadar i framkant av begge husa våre. I og med at me berre er to heilårsbustadar å ta hensyn til, har me sterk tru på at det kan gjera oss til lags.

Me er alle samde om at Mangersnes er ein idyllisk og fantastisk stad å bu. Vårt ønske er at me framleis kan nyta den flotte utsikta og naturen rundt oss når bustadfeltet er ferdig utbygd. Det at det vert lagt til rette for at ikkje berre me, men alle dei nye bustadane får nyta den flotte utsikta er noko mange truleg vil vera taksamme for i framtida.

- 44/54 vil få ein tomannsbustad framfor huset sitt, som potensielt kan bli mange meter høgare enn bustaden som allereie står der. Uansett høgde vil huset ta store delar av utsikta mot Mangersfjorden.
- 44/75 vil få fleire bustadar i framkant av huset. Desse kan også potensielt bli høgare enn planeringshøgda til huset som allereie står der. Husa vil ta utsikta av store delar av Mangersfjorden.

Forslag til tiltak:

- Alle hus i fremste trasè bør takast vekk frå planen. Dette for å sikra utsikta både til dei som allereie bur der, men også for alle nye bustadar som er planlagt i trasèen bak og lenger sør.
- Senka mønehøgda frå 10 meter til 7 meter på alle bustadane langs same trasè som eksisterande hus og sørover, for å sikra mest mogleg sikt til alle bustadane lenger bak.

Saksbehandlar og hovudutvalet er hjarteleg velkommen ned til oss for synfaring. Det er stor skilnad mellom å sjå på eit kart, og å sjå dei fysiske forholda angående dei ulike høgdekotane. For oss som bur her på denne nydelege plassen betyr det mykje at de tar dykk tida til dette!

Oppfordrar på ny alle i hovudutvalet å gjera seg kjend med skrivet frå Atle Jenssen.

Helsing

Irene og Thomas Lunde, Mangersnesvegen 244.